


Oppdragsgjevar Tingvoll kommune

Oppdrag Trafikkanalyse Beiteråsen, venstresvingefelt E39/fleirbrukshall
Prosjektnr. 20043

Dato 19.03.2020


Trafikkanalyse



Vurdering om det skal etablerast venstresvingefelt for nytt kryss ved E39 og fleirbrukshall/idrettsanlegg.

		Prosjektnr: 20043		Dato: 19.03.2020	
Status	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
/Rev:					
Kontaktinformasjon: Nordplan AS			Kundeinformasjon: Tingvoll kommune		
Ansvarleg for oppdraget: Nordplan AS			Prosjektleder: Arvid Tveit		
Utarbeidd av: Arvid Tveit, arealplanleggar			Sign: 		
Kontrollert av: Ola Forren Sørensen, vegplanleggar			Sign: 		

I samband med utbygging av fleirbrukshall på Leitet på Beiteråsen skal det utførast ei trafikkvurdering i nytt kryss.



Figur 1. Utsnitt av kart som viser plassering av nytt kryss som skal vurderast.

I notatet er både trafikktalet, fordeling av trafikk og behovet for venstresvingefelt vurdert.

Trafikkmengde

I følge Vegkart (NVDB) til SVV har E39 ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 2550 (år 2019) der nytt kryss skal plasserast, der andel lange køyretøy utgjær 13 %. Fartsgrense 60 km/t.

ÅDT i 2030 er 2960 (prognosetall som er nytta er 1,5 % auke i trafikk per år, som samsvarar med registrert trafikkauke i Møre og Romsdal. 10 % av ÅDT antas å førekome i makstimen jf. Statens vegvesens handbok V713 for mindre byar og større tettstader (opptil 100.000 innbyggjarar). Dvs. 296 kjt/t, 10% av ÅDT i 2030 (Cr+A).

Dagens situasjon

Det er etablert ein fotballbane og løpebane/friidrettsområde. I dag er det to treningar for friidrett i veka og to fotballtreningar. I snitt er det ca 15 på kvar av desse treningane.

Andel bilreiser vurderast å utgjere ca. 90 % av reisande til/frå friidrett/fotball, der halvparten parkerer i planområdet (inkl. utøvarar/idrettsleiarar som køyrer), mens den andre halvparten ikkje parkerer.

Nokon køyrer eller blir køyrt til trening med bil ålene, mens andre samkøyrer.

Basert på forutsetningar og vurderingar ovanfor er dagens trafikkgenerering til/frå området berekna:

- 15 utøvarar/lagleiarar i kvar treningspulje.
- 2 treningspuljer friidrett/fotballbane (2 friidrett og 2 fotball kvar veke, maks. 30 stk samtidig)
- Bilandel = 90 %
- Følgereiser der ein parkerar (inkl. utøvar/idrettsleiar) = 50 %
- Følgereiser der ein ikkje parkerar = 50 %
- Reduksjon pga. samkjøring = 30 %
- Dette gir følgande antall bilturar per virkedag:
Følgereiser (parkerer): $2 \times 15 \times 1 \times 0,90 \times 0,50 \times 0,70 = 10$
Følgereiser (parkerer ikke): $2 \times 15 \times 2 \times 0,90 \times 0,50 \times 0,70 = 19$
Totalt: = 29

Ansatte ved skulen nyttar parkeringsplassen på dagtid (man-fre), ca. 20 biler, samt 3 bussar som køyrer inn på området for å snu.

Dette gir ein ÅDT på $20 \times 2 + 3 \times 2 = 46$

Eksisterande avkøyring til idrettsanlegget ligg lenger aust i forhold til nytt kryss. Denne skal stengast når det nye krysset er etablert, samtidig med at den nye fleirbrukshallen vert teken i bruk.

Framtidig situasjon

Idrettsanlegget (løpebane) og den nye fleirbrukshallen skal nyttast av skulen på dagtid og idrettslag på kveldstid (frå kl.16 og utover til kl.22) og til dels i helgar ved spesielle arrangement.

Andel bilreiser til fleirbrukshallen vurderast å utgjere ca. 90 % av reisande til/frå hallen, der halvparten parkerer i planområdet (inkl. utøvarar/idrettsleiarar som køyrer), mens den andre halvparten ikkje parkerer.

Nokon køyrer eller blir køyrt til hallen med bil ålene, mens andre samkøyrer.

Vidare antas det at fleirbrukshallen brukast til saman av 10 utøvarar/idrettsleiarar samtidig i gjennomsnitt.

Basert på forutsetningar og vurderingar ovanfor er framtidig trafikkgenerering til/frå området berekna:

- 10 utøvarar/lagleiarar i kvar treningspulje.
- 3 treningspuljer fleirbrukshall kvar ettermiddag/kveld mandag-fredag (totalt 30 stk)
- Bilandel = 90 %
- Følgereiser der ein parkerar (inkl. utøvar/idrettsleiar) = 50 %
- Følgereiser der ein ikkje parkerar = 50 %
- Reduksjon pga. samkjøring = 30 %
- Dette gir følgande antall bilturar per virkedag:
Følgereiser (parkerer): $3 \times 10 \times 1 \times 0,90 \times 0,50 \times 0,70 = 10$
Følgereiser (parkerer ikke): $3 \times 10 \times 2 \times 0,90 \times 0,50 \times 0,70 = 19$
Totalt: = 29

I tillegg kjem det noko trafikk knytta til drift av hallen. Totalt vurderast biltrafikken å utgjere i gjennomsnitt ca. 107 kjøretøyturer (VDT) per dag mandag til fredag sum til og frå hallen.

I helgane vil hallen i større grad brukast til kampar og arrangement særleg i vinterhalvåret frå september til mai. Det vurderast grovt at trafikken per dag gjerne kan vere like stor som i dei andre dagane i veka, dvs. 107 kjøretøyturar til og frå hallen. På ÅDT-basis anslår vi trafikken å utgjere i underkant av **ÅDT 110**.

ÅDT i maks. timen


Vi vurderer trafikken som skal inn på området til å fordele seg med 50% frå nordaust og 50% frå sørvest.

I makstimen er inn-/utkøyring fordelt med 90%/10%.


ÅDT i makstimen ved store arrangement **77 kjt/t** (70%). Ved større arrangement er det fleire som kjem til området innanfor eit kort tidsrom, derfor vurderer vi at så mykje som 70% av all trafikk kan kome innanfor 1 time.

Dvs. $77 * 0,90$ (inn på området) * 0,50 (venstresvingane)

Dette vil då gje ein trafikk på maks. 35 kjt/t som er venstresvingande.



ÅDT i makstimen for venstresvingane.



Figur E.4: Kriterier for venstresvingefelt basert på trafikk i dimensjonerende time

Figur 9. Kriterier for venstresvingefelt basert på trafikk i dimensjonerende time. Håndbok V121.

Oppsummering

Dei trafikale konsekvensane av fleirbrukshallen vurderast å vere små. Det meste av trafikken vil føregå på kveldstid og i helgene utanom rushperioden. Noko av trafikken kan tenkast å bli samtidig med slutten av ettermiddagsrushet, men er såpass liten at dette har ingen betydning for trafikkavviklinga.

Analysa viser at ein får maks. 35 kjt/t som er venstresvingande. Dette er i periodar ved større arrangement i helgene. Det er ikkje krav om venstresvingefelt på E39. Som vi ser i figuren over må det vere meir enn det dobbelte, ca. 90 venstresvingane før kravet om venstresvingefelt slå inn.